



Adresseliste

Oslo, 29.09.2014

Dykkar ref.:  
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2013/3356

Sakshandsamar:  
Olav Røhne

## Høring av søknad om PFAS-utslepp frå TWMA Norge AS

Søknad frå TWMA Norge AS, Mongstad om endring av løyve til verksemd etter forureiningslova. Miljødirektoratet ber kommunen leggje søknaden ut til offentleg innsyn og om å uttale seg i saka.

Miljødirektoratet vil leggje ut ei kunngjering i avisene og på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) ein av dei nærmaste dagane. I kunngjeringa står det at søknaden er lagt ut til offentleg innsyn på servicetorget i Lindås kommune og på kommunen si nettside.

Vi ber dykk også om å uttale dykk og sende eventuelle merknader til søknaden til Miljødirektoratet innan fire veker.

Vi viser til den vedlagde søknaden og kunngjeringa. Kunngjeringa er sendt til Norsk lysingsblad og lokalavisene der saka vil bli kunngjort ein av dei nærmaste dagane. Saka leggjast også ut på Miljødirektoratet sin nettside. De kan også lese kunngjeringsteksten og laste ned saksdokumenta her: <http://www.miljodirektoratet.no/horing2013-3356-1>

Vi ber kommunen leggje eit eksemplar av kunngjeringa og saksdokumenta ut til offentleg innsyn på servicetorget i kommunen og om mogleg også på si eiga nettside. Saka skal liggje ute til offentleg innsyn i fire veker frå no av. Dokumenta kan makulerast etter at høyringsperioden er over.

Miljødirektoratet ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden.

Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om

- bedrifta sitt/sine utslepp kan gjere det vanskeleg å nå målet om god økologisk og god kjemisk tilstand i vassførekomsten, jf vassforskrifta § 4-6.
- bedrifta sitt/sine utslepp kan føre til overskriding av måla for luftkvalitet i området
- førekomsten av sårbare dyre- og plantearter i området, jf naturmangfoldlova § 8.
- andre planlagde aktivitetar som kan påverke økosystem i området, jf. naturmangfoldlova § 10.
- andre lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.

I høringa har vi bedt Fylkesmannen gi opplysningar om status for å lage tilstandsklassar og karakterisering av vassførekomsten.

Det nye kapittelet 15 A i forskrift om avgrensning av forureining, gir kommunen utvida myndigheit til å stille krav som gjeld påslepp på offentleg nett. Vi ber kommunen vurdere dette dersom det er aktuelt med eit slikt påslepp.

Av omsyn til saksbehandlinga, ber vi om at de uttalar dykk og sender oss eventuelle merknader til søknaden innan fire veker etter at de har motteke dette brevet.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur*

Ingvild Marthinsen  
seksjonsleder

Olav Røhne  
sjefingeniør

*Vedlegg: Søknad og kunngjering*